



---

KM-sak 06/07  
Plan for diakoni

## Merknader frå kyrkjemøtekomité C

Komiteen legg saksorienteringa til grunn, og vil i tillegg kome med følgjande merknader:

Komiteen vil gi ros til dei som har arbeidd med planen og takke for eit godt arbeid. På bakgrunn av det grundige arbeidet som er gjort, har komiteen valt å avgrense sine endringsframlegg til nokre få punkt:

- Formuleringa av visjonen er endra, men innhaldet er det same.
- Det har vore viktig å understreke at diakonien ikkje er ei sektorinteresse, men eit gjennomgåande perspektiv i heile kyrkja sitt liv.
- Komiteen har vore oppteken av å gjere omgrepet forsoning meir synleg i planen. Forsoningsomgrepet inneheld også eit økologisk aspekt. Dette har ikkje minst vore viktig fordi komiteen har ynskt å sjå planen i samanheng med Kyrkjemøtets hovudtema.
- I tillegg er det gjort nokre språklege endringar
- Komiteen har ikkje behandla innleiinga som skal vere felles for alle kyrkja sine planar. Komiteen har heller ikkje behandla vedlegget da gjennomføringa av planen må koordinerast med andre planar. Vedtaket på Kyrkjemøtet gjeld derfor Visjon, forord og kapitla 1 til 5.

## Framlegg til vedtak

1. Kyrkjemøtet vedtek den framlagde Plan for diakoni i Den norske kyrkja. Planen skal gjelde frå 01.01.08.
2. Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd. Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte blir verkeleggjort gjennom liv og teneste. Som menneske er vi ein del av eit av fellesskap og avhengige av kvarandre. Utfordringa er både lokal og global.
3. Diakonien er eit hovudaspekt ved kyrkja sitt oppdrag og må gjennomsyre heile kyrkja sitt liv. Det er ei viktig hending for kyrkja at vi nå får ein ny diakoniplan til bruk i kyrkjelydane og i kyrkja som heilskap.

4. Diakoniplanen skal vere ein reiskap for kyrkjelydane, også for dei som ikkje har diakon eller spesielt tilsette for å drive diakonalt arbeid. Sokneråda må sjå på planen som verkemiddel i høve til den visjonen kyrkja har om å vere ei tenande folkekyrkje.
5. Kyrkjemøtet oppmodar kyrkjelydane og fellesråda til å arbeide saman med kommunar og bydelar for å skape rom og ressursar for lokalt diakonalt arbeid.
6. Det er eit mål at alle kyrkjelydar anten skal ha diakonstilling eller tilgang på diakonal kompetanse. For å nå eit slikt mål blir det kravd eit stort lyft i talet på stillingar.
7. Kyrkjerådet og bispedømeråda har eit særleg ansvar for å inspirere, vegleie og leggje til rette for det lokale arbeidet. Prioritering av diakoni må inn i det sentrale budsjettarbeidet.

- - - -

Samrøystes vedteke